

II. Bydelsdatabank for Oslo

Av Jan Brekke og Erling Berge, INAS

I eit foredrag i 1950 sa Fridthiof Andhøy:

«Korrekte statistiske data er av den aller største betydning for offentlig administrasjon, de næringsdrivende og interesserte enkeltpersoner. Når det gjelder Osloforhold er det kommunens Statistiske kontor som utarbeider disse oppgaver, og det kan vel være av interesse å se på de hovedinndelinger dette kontor nytter i sin virksomhet..

Menighetsgrensene er grunnlaget for boligbefolkningsstatistikken, valgmaterialiet fra Valgkretser, inntektsdata fra ligningskretsene, skolestatistikk fra skolekretsene. Disse 4 hovedinndelingers grenser korresponderer ikke, inndelingene skifter med ujevne mellomrom, og selve skilleprinsippet er ulikt. Det fører med seg at de statistiske opplysninger ikke uten spesialarbeid kan sammenliknes for større tidsrom enn 4-5 år, og innbyrdes kan de ikke sammenliknes da grensene jo ikke korresponderer. Men grensene korresponderer heller ikke med de inndelinger som nyttes av dem som søker opplysninger. Alt-så må hver enkelt ta arbeidet og utgiftene med omlegningsarbeide». (And høy, 1950).

Det same kan i stor mon seiast å gjelde også i dagens situasjon. Viktigaste endringa er at vi no i tillegg får ein del statistikk for det som blir kalla roder og soner.

Rode/soner inndelinga vart konstruert av Andhøy med det formålet at den skulle bli ei standardinndeling for presentasjon av statistikk. Det var 6g meininga at den skulle (eller burde) takast i bruk av alle offentlege og private organisasjonar som hadde trong for ei geografisk inndeling av byen. Ei standardinndeling brukt av alle ville ikkje berre spare ulike grupper for utgiftene til å lage sine egne inndelinger. Den ville 6g gjere det lettare for publikum å orientere seg i byen og å vite kva ein meinte når det vart referert til eit distrikt med namn. Andhøy trudde at dette i sin tur også ville fostre ei kjensle av tilhørighet til den einskildes bydel..

Både problemet med kryssande grenser for ulike bydelar og argumentasjonen for dei positive verknadane for lokalbefolkninga blir i dag støtta av sosiologisk litteratur (Suttles 1974).

Oslo fekk ei standardinndeling i roder og soner i 1954. Men bruken av inndelinga vart ikkje så allmenn som Andhøy og mange med han ønskte. I alle fall gjekk det ikkje så fort som ein hadde vona. Vi lever framleis med talseriar som ikkje kan samanliknast og med endringar i ulike dist-

riktsinndelinger - også i rodeinndelinga (sjå tab. 1).

Problemet med å skaffe seg samanliknbare talseriar vart ikkje løyst av rodeinndelinga.

Særleg stort er problemet dersom ein har bruk for talseriar som går over eit lengre tidsrom. No vil både administratorar og forskarar i dei fleste høve vere godt tente med å ha tilgong til dei nyaste data. Men etter kvart som den kommunale planlegginga tar [enqre tidshorisont vil den få trong for data som går lengre bakover i tida. Om forskarane skal ha sjanse til å studere drivkreftene som formar eit storbybilet, må dei ha tilgong på tidsseriar for små einingar av byen. Løysinga på problemet både for forskarane og etter kvart for kommunen, er å ta i bruk datamaskiner for å halde greie på kva for ulike bydelingsinndelinger som er i bruk og korleis grensene har vore endra for dei.

Arbeidet med å etablere ein slik databank har no vore i gong sidan 1979. Prosjektet kom i stand som eit samarbeid mellom forskarar frå Universitetet i Oslo, Institutt for anvendt sosialvitenskapelig forskning (INAS) og Oslo kommune. Det har vore finansiert av Norges Almenvitenskapelige forskningsråd, INAS og Oslo kommune.

I dag er ein første testversjon av bydelsdatabanken ferdig. Vi skal her gjere kort greie for bakgrunn og verkemåte for databanksystemet slik det står og litt om planar for vidareutvikling.

Bydelsinndelingar i Oslo

Vedlagte tabell gir ein oversikt over det vi har funne av ulike typer bydelsinndelinger i Oslo og (før 1948) Aker. I 1979 var det i bruk i alle fall 17 ulike administrative/statistiske inndelinger i Oslo. I tillegg har ein kome over fire inndelinger som er gått ut av bruk. Av desse har berre fattigdistrikta som gikk ut av bruk i 1964 ei viss interesse. Av dei 17 som er i bruk er det berre 8 som har meir enn 12 «bydelar». Desse er roder (451)/soner (60), politiske bydelar (35), menigheter (41), folketellingskretsar (434 i 1970), skulekretsar (90), stemmekretsar (83 i komm.valet i 1979) og sosialdistrikt (20).

Den første fasen av prosjektet gikk ut på å identifisere grensene til flest mogeleg av dei ulike inndelingane og den historiske utviklinga fra 1860 til i dag. I Mortensen (1980) er resultata samla. (Sjå tillegg og rettingar i Wiig og Øverjordet 1981 og Brekke 1982). For inndelingane

med færrest einingar har vi berre ein kort oversikt over dagens situasjon slik dei ulike etatane sjølv opplyser om det. Fra sosial- og fattigdistrikt har vi ingen opplysningar.

For skulekretsar og stemmekretsar har ein funne det nok å ta med adressa til skulen og val-lokalet fremfor å identifisere grensene.

Tabellen antyder litt om kva problem ein møter når ein ønskjer å lage samanliknbare talseriar eller når ein ønskjer å samanlikne tal frå t.d. skulestatistikken med tal frå folketellingane.

Databanksystemet

Bydelsdatabanken for Oslo er ei samling EDB-program som på basis av det vi veit om inndelingar nytta dei ulike åra og andeler av befolkning berørt av grenseendringar frå eitt år til eit anna, skal organisere eit datalager og hente fram samanliknbare tal anten for å sjå på utvikling over tid eller for å samanlikne data samla inn frå ulike inndelingar..

Utgangspunktet for arbeidet med programsystemet var Norsk Samfunnsvitenskapelig Data-tjeneste sin Kommunedatabank (Brosveet 1977) og Kretsdatabank (Alvheim 1977). Arbeidet med Bydelsdatabanken vart likevel noko meir komplisert sidan vi ønskte å få med data alt frå Folketellinga i 1865 og framover. For å få med data så langt attende i tida måtte databanken nytte menighet som databerande eining.

Sjølv om menighet har vore ei viktig eining og så for statistiske formål, er den langt frå den einaste bydelsinndeling som er i bruk.

Rode/sone systemet var i utgangspunktet definert for Oslo slik byen såg ut etter sammanslåinga med Aker i 1948. Fra den tid er det derfor mulig å nytte rode som ei minste databerande eining. Rodeinndelinga har også etter kvart blitt ei viktig inndeling for presentasjon av statistikk. Ved Folke- og boligtellings 1980 inngår rodene som ein del av SSB sitt grunnkretssystem. Frå 1948 vil databanken difor nytte både rode og menighet som databerande einingar. Men alle data for roder kan reknast om til data for menigheter (og sjølv sagt til sone).

Bruk av Bydelsdatabanken

Data om roder og menigheter er organisert i tre nivå:

Hovedgruppe (t.d. befolkning, boligforhold, yrkesdata)

Subgruppe (den er definert ved årstallet data i hovedgruppa finst for) og

Variabel (innan subgruppa er variabelen ei samling av dataverdier der kvar rode eller kvar me-

nighet har ein verdi: t.d. antall menn 20-24 år gamle i kvar av rodene).

For å få tilgang til data må ein ha ein terminal knytt til ein av datamaskinane der Bydelsbanken finst. Når ein vil ha tak i data lagra i databanken, gir ein datamaskinen eit stikkord, så ein får tilgang til uttaksprogrammet i Bydelsdatabanken. Uttaksprogrammet stiller da ein del spørsmål for å få klarlagt kva for data brukaren ønskjer. Utvekslinga kan likne på ein dialog mellom brukar og maskin. Gongen i denne dialogen er omlag slik:

1. Introduksjon,
2. Oppgi bydelstype (rode, sone eller menighet),
3. Meir informasjon om innhaldet i banken blir gitt om ein ønskjer,
4. Oppgi kva for hovedgrupper ein er interessert i,
5. Dersom ein ønskjer tidsserie oppgir ein startår og sluttår,
6. Dersom ein ønskjer omrekning til eit basisår oppgir ein årstallet,
7. Dersom ein ikkje vil ha alle databerande einingar ut må ein her spesifisere kva for einingar ein er interessert i (liste over einingar blir skriven ut),
8. Oppgi kva for subgrupper ein er interessert i (liste over subgrupper blir skriven ut),
9. Oppgi kva for variablar ein er interessert i (liste over variablar blir skriven ut),
10. Oppgi om ein ønskjer endringar av omrekningsmåten. (Ikkje alle variablar kan reknast om frå ei eining til ei anna i høve til befolkningsproporsjonane. Variablane er difor klassifisert i omrekningstyper:
0 = omrekning etter befolkningsandelsprinsippet
1 = omrekning berre ved full samanslåing
2 = omrekning berre dersom dei to einingane har same variabelverdi
3 = ikke omrekning.
(Det blir sett inn ein kode for mang lande data i dei høve ein ikkje kan rekne om).
11. Oppgi korleis ein vil ha utskrifta (standard-format til terminal eller maskinlesbart medium eller tilpassa vidare analyse ved hjelp av SPSS).

Korleis data skal nyttast vidare er opp til brukaren og ligg utanfor bydelsdatabanksystemet. Dersom ein brukar har funne fram til spesielle variablar som det er ønskeleg å analysere saman med variablar i bydelsdatabanken, er det mogleg å leggje inn slike variablar på eiga hand.

Dette er særleg aktuelt i dei høve desse data berre finst publisert i ein tabell t.d. for skulekretsar og ikkje på noko maskinlesbart medium (kort, tape, disk, etc.). Programmet som styrer innlesing av data er lagt opp med tanke på «sjølvbetjening»: Utanom data for roder, soner og menigheter vil det og ta imot data på folketellingskretsar, valkretsar og skulekretsar. For folketellingskretsar, valkretsar og skulekretsar vil innleggingsprogrammet rekne om data til rode eller menighet før dei blir lagra. Innlegging av data vil da gjere det mogeleg å lage talseriar som kan samanliknast ut av talseriar som ikkje kan samanliknast.

Bruken av innleggingsprogrammet liknar på uttaksprogrammet idet det føreset tilgong til ein terminal og idet det er lagt opp til å etterlikne ein samtale mellom brukar og program. Gongen i samtalen blir omlag som følgjer:

1. Oppgi kva for eining data er registrert for (rode, sone, menighet, folketellingskrets, valkrets, skulekrets).
2. På grunnlag av liste over eksisterande hovedgrupper i databanken oppgir ein om data kjem som tillegg til ei eksisterande hovedgruppe eller som ei ny hovedgruppe.
3. Dei same spørsmåla blir stilt for subgruppene.
4. Oppgi kor mange variablar som skal leggst inn (maksimum 10).
5. Ut frå liste over eksisterande variabelnamn oppgir ein namn på variabelen ein no skal legge inn (dersom den kjem som tillegg til ein etablert tidsserie). Dersom variabelnamnet er nytt må det sjølvstøtt leggst inn.
6. Dataverdiene blir lagt inn. Nummer på databerande eining saman med eventuelt namn blir skrive ut av programmet og brukaren svarar med variabelverdiene for denne eininga på dei variablane det er bedt om å få lagt inn og i den rekkefølge dei har blitt oppgitt ovanfor. Dersom data manglar for ein variabel på ei eining skal det settast 999999.

7. Oppgi om det er ønskjeleg å leggje inn meir data med ein gong eller om ein er ferdig forebeis.

Slik står Bydelsbanken for Oslo i dag. Programsystemet finst på datamaskinane til Oslo kommune og Universitetet i Oslo. Det har imidlertid ikkje vore testa ut på «verkeleqe» data. Neste steg for prosjektet er å leggje inn dei første data og å teste ut korleis det verkar. I neste omgang er det planar om å leggje inn koordinat for bydelsgrensene slik at ein kan presentere bydelsdata på skraverte kart.

Referanser:

- Alvheim, Atle, 1977: «NSD's Kretsdatabank. Datatinnhold og brukerveiledning». Bergen, Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste.
- Andhøy, Fridthiof, 1950: «Hvilke fordeler medfører den forestående faste distriktsinndeling av Oslo for offentlige etater, de næringsdrivende og publikum.» Foredrag i Oslo Handelsstands Forening.
- Brekke, Jan, 1982: «Bydelsdatabank for Oslo: Foreløpig dokumentasjon og retting av ANO-5 og 7», Oslo. Institutt for anvendt sosialvitenskapelig forskning. ANO-8/Bydelsdatabank for Oslo.
- Brosveet, Jarle, 1977: «Teknisk dokumentasjon for kommunedatabanken 1945-77». Bergen, Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste.
- Mortensen, Trygve, 1980: «Bydels- og distriktsgrenser i Oslo (Kristiania og Aker) 1860-1980.» Oslo, Institutt for anvendt sosialvitenskapelig forskning. ANO-6/Bydelsdatabank for Oslo.
- Suttles, Gerald, 1974: «The Social Construction of Community». Chicago. The University of Chicago Press.
- Wiik, Brita og Arne, Helge Overjordet 1981: «Bydels- og distriktsgrenser i Oslo. (Kristiania og Aker). 1860-1980: Befolkningsandeler involvert i grensereguleringer av menigheter og roder». Oslo, Inst. for anvendt sosialvitenskapelig forskning. ANO-7/Bydelsdatabank for Oslo.

Tabell 1. Oversikt over ulike typer distrikter brukt i Oslo 1948–1979, samt antall distrikter for hvert år.

År	Soner	Roder	Områder	Politiske bydeler	Menigheter	Folke- telling- kretser	Skole- kretser	Stemme- kretser	Fattig- distrikt	Sosial- distrikt	Politi- distrikt	Post- distrikt	Vei- vesen	Bygnings- distrikt	Tann- pleie	Renhold	Brann-feier distrikter	UTR	B-SYN	FEI
1979	60	451*	10	34	41		90	83 K		20	6	12	6		12	2		8	5	9
1978					40		89			20										
1977							87	78 S		20										
1976		451					84			18										
1975		450					82	74 K		15										
1974		448					77			15										
1973		420					76	83 S		13										
1972				34	40		74	83 F												
1971					37		70	76 K												
1970		421				434	67													
1969		300					66	76 S												
1968							65													
1967							65	76 K												
1966					37		64													
1965					32		61	75 S												
1964							61		6 10											
1963							60	73 K												
1962							56													
1961								73 S												
1960						97 ¹														
1959								73 K												
1958					32		54													
1957					24		51	70 S												
1956							49													
1955							48	70 K												
1954	60	300	10																	
1953							45	68 S	6											
1952							44		8											
1951							43	69 K	10											
1950						136	42		10											
1949								70 S	10											
1948					24				11 10											

¹⁾ En folketom

K = kommunevalg

S = stortingsvalg

F = folkeavstemning

* I tillegg til disse rodene opererer statistikken med rode 7001 for personer uten fast bopel.